

Notat

Frå: Fylkesdirektøren
Til: Hovudutval for næring og kultur

Deltaking i EU-prosjektet SPARSE (Supporting and Promoting Arts in Rural Settlements in Europe), HNK - sak 68/16, statusrapport august 2018

Fylkesdirektøren viser til vedtak i HNK-sak 68/16 om deltaking i EU-prosjektet «Rural focused European creative and cultural cooperation project », og orienteringsnotat til utvalet i møte 22.11.2016.

Status for prosjektet i august 2018 er:

- Ny søknad om støtte til prosjektet vart sendt november 2017.
- Søknaden vart innvilga 18.07.18
- Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennom Den kulturelle skulesekken er med i prosjektet som assosiert partner. Målet er å ta del i eit nettverk for deling av kulturtilbod mellom land og område som har lik utfordring med omsyn til å turnere kunst og kultur i rurale område.
- Lead partner i SPARSE og ein assosiert partner i prosjektet vitja Sogn og Fjordane i april 2018. Programmet for besøket inneheldt:
 - Informasjon om DKS som turneorganisasjon og programmerer av kunst og kultur for barn og unge i skulen.
 - Besøk på fleire ulike DKS-framsyningar på skular for å sjå korleis Den kulturelle skulesekken fungerer.
 - Omvisning på dei vidaregåande skulane på Nordfjordeid og på Sandane med visning av samlokalisering og fleirbruk av kulturhus.
 - Danseframsyninga «SUNNIVA NO», som er bygd på Sunnivalegenda og element frå lokal folkemusikk, på Firda vidaregåande skule. Etter framsyninga var det møte mellom DKS, dei besøkande frå EU-prosjektet og utøvarane og regissør.
 - SPARSE har m.a. som mål å utveksle kultur mellom deltakarlanda. Eitt av måla for møtet mellom dei besøkande og utøvarane var å opprette kontakt for turnè av «SUNNIVA NO» i England.
- Deltaking på nettverksmøtet i Zaragoza, Spania, 2017. Møtet var lagt til festivalen Trayectos for contemporary dance. Fleire av framsyningane var aktuelle for DKS. Ei av dei er programmert for DKS 2018-2019 og skal hausten 2018 turnerer for alle elevar i den vidaregåande skulen i fylket. («ISLA» <http://sff.ksys.no/produksjon/1163626>)

SPARSE vil gå over tre år med to til tre nettverksmøter kvart år. Møta vert lagt til ulike festivalar i deltakarlanda og har som mål å utveksle kultur og erfaring med å turnere kultur i rurale område.

Sogn og Fjordane fylkeskommune si deltaking i prosjektet som assosiert partner vil vere å delta i nettverket, programmere aktuelle produksjonar for DKS, spele inn aktuelle produksjonar til nettverket, og vere vertskap for deltakarlanda ein gong i løpet av prosjektperioden.

SPARSE skal etter tre år ende opp som eit permanent nettverk for turnering av kunst og kultur i rurale områder i Europa. Sogn og Fjordane vil gjennom deltaking i prosjektet bli ein del av dette nettverket og vil spesielt i arbeidet med programmering av tilbod i Den kulturelle skulesekken få viktige samarbeidspartar.